



## Notat

Dato: 01.07.2015  
Arkivsak: 2015/6756-1  
Saksbehandlar: marhaa5

---

**Til:** Opplærings- og helseutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Målbyte i vidaregåande opplæring- status 2015

#### Bakgrunn

Fylkesrådmannen viser til møte i Opplærings- og helseutvalet 2. juni 2015 der Alexander Fosse Andersen stilte spørsmål ved status for forskingsprosjekt ved UiB – Byte av målform frå ungdomsskule til vidaregåande opplæring.

Bakgrunn for saka er følgjande forslag sett fram på møte i Opplærings- og helseutvalet 18. april 2012 av Dan Femoen :

*"Tallene som ble presentert i melding 34/12 var svært oppsiktsvekkende. Opplærings- og helseutvalget ønsker derfor en sak der man kartlegger årsakene til at så mange elever velger bort sitt hovudmål i overgangen fra ungdomsskolen til vidaregåande skole. Opplærings- og helseutvalget ønsker at administrasjonen går i dialog med departementet og direktoratet for å få midler til en slik kartlegging."*

**Marte Malones** sette fram følgjande tilleggsforslag:

*"Det undersøkes også hvordan de vidaregåande skolene møter og tilrettelegger for elever med nynorsk som hovudmål".*

Forslaga frå Femoen og Malones vart samrøystes vedteke oversend administrasjonen.

#### Følgjande blei gjennomført i 2013

Opplæringsavdelinga v/fylkesdirektør og fagopplæringssjef oppretta kontakt med Institutt for Lingvistiske, litterære og estetiske studiar (LLE) ved Universitetet i Bergen for å få sett i gang forskning på problemstillingar rundt målbyte i den vidaregåande skulen i Hordaland.

Ved LLE var det i gang arbeid om å satsa på forskning i, om og på nynorsk i samband med Språkåret 2013. Frå UiB var det politisk interesse for slike tiltak. I regi av nettverket for høgare utdanning på Vestlandet, UH-nett Vest, vart det den 29.5.2012 halde eit seminar der moglege problemstillingar vart drøfta, og initiativet frå HFK var framme i drøftingane.

Fagmiljøet ved UiB/LLE hadde ein viktig ressurs i studentar på fordjupings- og masternivå. Å motivera slike til å ta på seg forskingsoppgåver og å leggja til rette for at dei vert motiverte for det, kunne bli innarbeidd i det vanlege arbeidet i fagmiljøet på kortare sikt. Instituttstyrar og fagmiljøet ved LLE understreka den gong at dei var svært interesserte i vidare samarbeid med HFK om denne saka.

### Status juni 2015

Fylkesdirektør opplæring har vore i kontakt med UiB v/ professor Johan Myking og fått opplyst at det planlagde prosjektet ikkje har vorte gjennomført av ressursmessige årsaker.

Gjennom kontakt med UiB har det også kome fram at det heller ikkje finst anna nasjonal forskning på dette aktuelle området.

Det er frå 2013 oppretta eit nasjonalt nettverk for nynorskforskning. Nettverket har som mål å fremje nynorskforskning gjennom ulike former for nettverkssamarbeid mellom dei ulike institusjonane i UH-nett Vest. Det er skipa eit arbeidsutval med representantar for Universitetet i Bergen, Høgskolen i Bergen, Høgskulen Stord/Haugesund, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskulen i Volda.

UiB har signalisert at dei ønskjer at saka blir tatt opp på nytt. Fylkesdirektør opplæring vil sende forslag til prosjekttale på nytt til universitetet i Bergen i juni 2015, særleg med tanke på aktuelle oppgåver for masterstudentar ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studiar frå hausten 2015.

## Prosjekttale

### Skisse til prosjekt om språkval i Hordaland

#### 1. Bakgrunn

Fleire nynorskelevar går over frå nynorsk til bokmål i ungdomsskulen og ved overgangen til (og i) vidaregåande skule.

#### 2. Mål

- Å granske språkvalmekanismer blant elevar med nynorskbakgrunn: Dei som byter vs dei som ikkje byter – kva, kvifor og korleis?
- Bidra til å utvikle ein nynorskdidaktikk som gir trygge nynorskbrukarar.

#### 3. Problemstillingar

##### A. Kva skjer?

- I kva omfang skjer målbytet? Når skjer målbytet? (På ungdomsskulen, ved overgangen til vidaregåande? I vidaregåande?) Kven er det som byter målform? Kvar føregår målbytet?

##### B. Korleis skjer språkskiftet?

- Kva rolle spelar undervisninga for val av målform? Meir spesifikt: På kva måte vert nynorsken tematisert i undervisninga? Kva funksjon har nynorsken i høve til den allmenne språk- og tekstlæringa? Er nynorsken synleg/usynleg?
- Kva rolle spelar skulen som organisasjon? Er nynorsken synleg/usynleg?
  - Kva rolle spelar den uformelle skulescena for val av målform?
  - Kva rolle spelar rolleidentitetar utanfor skulen med omsyn til val av målform?
  - Kva rolle spelar familien for val av målform?

*C. Kva skal til for å styrkja nynorsken?*

- Kjenneteikn hos dei som ikkje skiftar frå NN til BM.
- Internasjonale samanlikningar med nærliggjande språksamfunn.

*D. Eit mogleg språkstyrkingsprosjekt.*

**Materiale**

- Elevar og lærarar ved nokre utvalde vidaregåande skular, t.d. Knarvik vgs., Sotra vgs., Os vgs., Stord vgs., Voss gymnas.
- Skulemålsstatistikk.
- Metode: Spørjeskjema, feltarbeid, intervju.
- Klasseromsforskning, aksjonsforskning; intervju, kvalitative.

**Fagleg/teoretisk ramme**

- Samfunnsfagleg og/eller sosiolingvistisk innretting; statistikkfagleg grunnlag.
- Didaktisk innretting i kombinasjon med sosiolingvistisk; rom for psykologifaglege komponentar.

**Andre studiar**

- Målstreken frå Valdres: <http://www.opplandvgs.no/Valdres-vgs/Nyhetsarkiv/Malstreken--kvifor-gar-sa-mange-over-til-bokmal-som-hovudmal/>
- Grepstad 2004
- Rødningen 1999
- Årtun 1984

UH-nett Vest – Universitets- og høgskolenettet på Vestlandet:

<http://uhnettvest.no>